

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 27.03.19

Vår ref. 327/19/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref. 2018/792-  
1164/2019 141

Fitjar kommune

E-mail

## **FITJAR - KOMMUNEPLAN 2020-2040, SAMFUNNSDELEN**

Viser til brev av 06.02.19, med vedlegg, vedkomande ovannemnde sak. Beklager noko seint svar grunna stor arbeidsmengde.

Det står at «Samfunnsdelen er eit verktøy for kommunen si heilskaplege planlegging og skal vere grunnlaget for sektorane sine planar, og den heilskaplege utviklinga av lokalsamfunnet». Samfunnsdelen er òg retningsgjevande for arealdelen.

Kommunen skriv òg «Vi vil vurdere om det er behov for oppdatert omtale av nokre tema som; næringsareal, bustadområde, akvakultur, småbåthamner/fellesanlegg i sjø, offentleg og privat tenesteyting, jordvern- og strandsona...og kva utfordringar og problemstillingar som følgjer desse områda».

Ein kan i utgangspunktet ikkje sjå at fiskeri (yrkesfiske) er nemnd i planprogramnotatet. På bakgrunn av dette vil ein kome med nokon generelle merknader.

Fiskarane er i utgangspunktet er positivt innstilt til anna næring og aktivitet. Samtidig er det ein føresetnad at dette ikkje må kunne øydeleggje viktige gyte- og oppvekstområde, for kvalitet og atferd hos ville marine arter, eller for sjølve fisket. Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særleg i kystsona.

Eksempel på konfliktområde er; oppdrett (areal inkl. anker og utslepp av spillfôr/feces), vindmøller til sjøs, reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebyggjer, ankringsområde, m.m.), ankring/verksemd i sjø, avlaups-/vassleidningar i sjø, kablar i sjø, -fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

I tillegg vil ein peike på at fiskarar får klage frå hytteeigarar når ein fiskar i sjøområdet utanfor hyttene om natta, men òg elles.

Dette viser at planlegging av land- og sjøområda heng tett saman.

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så avgrensar ein tilgjengeleg areal for fiske bit for bit.

Det er viktig at tilhøva blir lagt til rette slik at kystfiskarane fortsatt kan skape verdiar av fiske for spesielt kystsamfunna våre!

Det er òg viktig at det ikkje blir driva ein bit-for-bit-politikk. Ein må òg sjå over kommunegrensene i sjø.

Ein vil vise til Fiskeridirektoratet si nettside når det gjeld registrerte fiskeriinteresser <https://kart.fiskeridir.no/fiskeri> Det blir òg fiska i område som ikkje er registrert der, og ein har «nye» fiskeri som fiske etter leppefisk (fiske drive i strandsona) og krepss.

I kartet kan ein leggje på ulike lag når det gjeld m.a. «Kystnære fiskeridata», «Marint biologisk mangfold» og «Farled, fiskerihavner»

Fiskarlaget Vest vil peika på at fiskeri og andre har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Andre har behov for nye/større område, medan fiskerinæringa er avhengig av at det blir tatt vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde for å kunne utøve si verksemd. Det er naturgjevne område, som ikkje kan flyttast.

Fiskerinæringa er i tillegg heilt avhengig av eit reint hav, mest mogeleg fritt for m.a. miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Dette skil fiskerinæringa frå dei fleste andre næringar som utnyttar hav- og sjøareal. «Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.

Som nemnd ovafor er det viktig at ein unngår forureining til sjø. Fiskarlaget Vest vil vise til at det finst to viktige publiseringar kring temaet småbåthavner. Den eine er NGI-rapport "*Kartlegging av forureining i utvalgte småbåthavner i Norge*" (TA-2751/2010), som viser at småbåthavner forureinar grunnen og sjøbotn, og at spyling og vedlikehald av skrog er den største kjelda.

CIENS-rapport: 2-2011 " Helhetlig planlegging og utvikling av miljøvennlige småbåthavner. Kunnskapsstatus" gjev ei rekkje råd om korleis negativ miljøpåverknad frå småbåthavner kan avgrensast.

Det er positivt at kommunen set klima og miljø, og førebygging, høgt på agendaen, som òg er godt forankra i ulikt lovverk.

Ein vil peike på at i dei fleste tilfelle er det enklast, og rimelegast, å førebyggje negativ påverknad, for det er ikkje sikkert det lar seg gjere å rydde opp i ettertid. Det er i tillegg ofte òg kostbart.

Når det gjeld bygging av naust i samband med yrkesfiske må det eventuelt kunne gjevast dispensasjon til slikt på eigen eigedom.


Fiskarlaget Vest konstaterer at det er kommunen sitt ansvar å ta vare på fiskebruksområde t.d. gytefelt, låssettingslassar, område for passiv og aktiv reiskap, som er viktige både for lokale og regionale fiskarar. Fiskeridirektoatet sine regionkontor skal ivareta sterkt regionale og nasjonale interesser.

På bakgrunn av ovannemnde meiner me at det er viktig at fiskerinæringa, og våre interesser, blir tatt med i samfunnsdelen, sidan den er styringsverktøy for arealdelen. Desse interessene kan kome inn unnder fleire av satsingsområda på ulikt vis.

Ein vil til slutt igjen gjere merksam på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er derfor grunnleggjande avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for m.a. miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat. I tillegg er ein avhengig av å ha eigna areal å fiske på.

Ein føreset at fiskeriinteressene blir godt ivaretatt i den vidare prosessen

Med helsing  
Fiskarlaget Vest



Britt Sæle Instebo

Kopi; Sunnhordland Fiskarlag  
Fiskeridirektoratet region Vest  
Fylkesmannen i Vestland